



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE
– Hovedkontor
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eva Birgitte Teige / 45023750

Vår referanse:
19/37690-2

Dykkar referanse:
201840178-2

Vår dato:
22.03.2019

Uttale til høyring av søknad om regulering i Brakedalsvassdraget – Bømlo kommune

Viser til melding om regulering av Brakedalsvassdraget datert 21.02.2019.

Fv 19 kryssar Brakadalsvatnet på fylling to stader. Fylkesvegen har nyleg blitt utbetra som eit av prosjekta i Bømlopakken, og då vart fyllinga i vatnet heva begge stadane, fordi settefiskanlegget hadde planar om å regulere vasstanden. Ein var då einige om ei heving av vatnet på 0,7–0,8 meter. Om ein får høgare vasstand vil det vere fare for utvasking av finstoff i overbygningen av vegen, noko som ikkje ønskeleg. Det vil også vere fare for skvalping opp i vegbana ved høg vasstand og vind, noko som kan skape farlege situasjonar, då særleg vinterstid. Me meiner difor at ein ikkje bør heve vasstanden meir enn 0,8 meter.

Vi har elles ingen merknader.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Eva Birgitte Teige

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

